

SAKSFRAMLEGG

Forum: Skate

Møtedato: 13.06.2019

Sak 14/2019 Digitaliseringsrundskrivet 2019 - Difis forslag til KMD

Behandlingssak

Historikk/prosess

Digitaliseringsrundskrivet er ei samanstilling av krav og tilrådingar frå regjeringa knytt til digitalisering i offentleg sektor, og skal gje dei statlege verksemdene ei samla oversikt over kva reguleringar dei må forholde seg til på digitaliseringsområdet. Rundskrivet kom fyste gong i 2009. Difi har sidan 2017 hatt eit formelt oppdrag frå KMD om å komme med innspel til endringar i Digitaliseringsrundskrivet, men har også tidlegare år sendt innspel der Difi har vurdert det som relevant. Difi ønskte også i år å legge opp til ein god prosess med Skateverksemdene i forkant av leveransen til KMD. Målet var å få inn forslag til nye endringar, til å kvalitetssikre at dei krav og tilrådingar som blir fastsett i rundskrivet har ønska effekt og konsekvens, og for å sikre god forankring undervegs. Difi har frist for innsending av forslag til KMD 17.juni.

14.januar 2019 vart det sendt ut invitasjon til alle Skateverksemdene om å komme med sine endringsforslag til rundskrivet til Difi innan 28.februar, men etter ynskje frå fleire verksemdar vart fristen utsett til 6.mars. Difi fekk inn ei rekkje forslag til endringar frå Skateverksemdene i den første runden. Forslaga vart samla i ei felles oversikt og sendt ut til Skateverksemdene 12.mars saman med invitasjon til felles arbeidsmøte 20.mars.

På arbeidsmøtet 20.mars møtte representantar frå 8 Skateverksemdar til eit arbeidsmøte der dei innkomne forslaga til endringar vart diskutert. Difi utarbeidde ein versjon med forslag til endringar i rundskrivet etter innspela på arbeidsmøtet. Dette vart sendt ut til deltakarane fredag 23.april med frist for kommentarar 2.mai. Ein oppdatert versjon inkludert avklaringar gjort i Skate Au-møtet 15.mai ligg ved som vedlegg til denne Skate-saka, og vil bli oversendt til KMD etter behandling i Skate 13.juni og leiarhandsaming i Difi.

Forslag til beslutning:

Skate gir tilslutning til Difi sitt innspel til KMD.

Presentasjon av saken

Med utgangspunkt i dei innkomne innspela frå Skateverksemdene gjer Difi framlegg om følgjande hovudendringar i det kommande Digitaliseringsrundskrivet 2019:

- Ein har fortsatt jobben med å korte ned, forenkle og stramme opp lengda på rundskrivet. Ein viser til veiledningsmateriell med lenke der dette eksisterer.
- Rammeverk for informasjonsforvaltning og Felles datakatalog flyttast frå anbefaling til krav, pkt 1.3. og 1.6
- Nasjonal strategi for digital sikkerhet blir teke inn som krav, pkt 1.4
- Ny formulering digital postkasse virksamheter, pkt 1.6
- Forslaget om endring i pkt. 1.7 fra 2018 ber ein KMD vurdere på nytt.
- Omtale av eMelding/eOppslag/eFormidling blir teke inn i pkt 1.8.

I tillegg til desse punkta blir det føreslege ei rekkje mindre endringar der hensikta er å gjere rundskrivet kortare og meir presist og lett å forstå. Difi mottok om lag 42 forslag til endringar i rundskrivet, inkludert nokre samanfallande forslag. Samanlikna med 2018 var det færre og mindre omfattande endringsforslag i år. I nokre tilfelle kom det endringsforslag som peika i ulik retning, i enkelte tilfelle var innspela allereie ivareteke andre stader i rundskrivet, medan i nokre tilfelle var det Difi si faglege

vurdering at innspela ikkje burde takast til følgje. Men i dei fleste tilfella har det vore brei semje om å ta innspela til endring med i forslaget til KMD.

Vedlegg:

- Sak 14-19 Vedlegg - Endringsforslag i digitaliseringsrundskrivet 2019

Saka vil bli lagt fram av Steffen Sutorius/Marit Mellingen
Saksframlegget er utarbeidd av Difi
Oslo 27.05.2019